

Slik legg du inn eit arrangement på sida:

- Du må ha eit arrangement oppretta av ei Facebook-side.
- Trykk på rediger inne på arrangementet og gå ned til feltet «medarrangør». Her skriv du inn «Kulturkalender for Sande». Hugs å lagre! (Viss du ikkje får til å gjere endringar på telefon, prøv i nettlesar på datamaskin)
- Sande kommune vil få eit varsel, og går gjennom arrangementet for godkjenning.
- Når arrangementet er akseptert av oss, vil det dukke opp i samlekalenderen til «Kulturkalender for Sande» (konsertstadar eller kulturhus gjer det ofte slik med arrangement – både artist og kulturhus står som arrangør på Facebook-hendinga).
- På heimesida til Sande kommune vil vi promotere kalenderen til «Kulturkalender for Sande» slik at den vert godt synleg.

OBS:

Du vil gje sida «Kulturkalender for Sande» full tilgang til å endre/redigere ditt arrangement. Den retten vil vi sjølvsagt ikkje nytte oss av. «Kulturkalender for Sande» vil berre vere skuggearrangør, slik at dykkar arrangement kjem opp i vår samlekalender. Vi kjem heller ikkje til å svare på spørsmål knytt til arrangementet dykkar. Skulle eit arrangement ikkje følgje retningslinene våre, vil vi slette arrangementet frå vår liste.

Retningsliner for kultur- og aktivitetskalenderen «Kulturkalender for Sande»

1. Hendinga må i hovudsak skje innanfor Sande kommune sine grenser. Arrangement som er særskild retta mot innbyggjarane i Sande - men som skjer i nabokommunar, kan også bli promotert.
2. Hendinga må vere offentleg.
3. Dersom du har faste samlingar som skjer hyppigare enn ein gong i månaden, kan du kun koble førstkomande arrangement til kalenderen. Dette er viktig for at dei større, enkeltståande arrangementa ikkje skal hamne i skuggen.*
4. Det er lov å promotere arrangement der publikum må kjøpe billett/ betale inngangspengar.
5. Vi vil ikkje inkludere arrangement som krev medlemskap eller på andre måtar er ekskluderande – til dømes treningstider, foreldremøter eller dugnadar i velforeiningar og liknande.
6. Reine kommersielle arrangement – til dømes sal i butikk – vil ikkje verte akseptert.
7. «Kulturkalender for Sande»/Sande kommune vil ikkje redigere arrangementet. Vi vil heller ikkje svare på spørsmål om arrangementet dykkar. Vi kan heller ikkje promotere arrangementet utover at den kjem opp i kalenderen.
8. Sande kommune har ikkje høve til å hjelpe brukarar med å lage Facebook-side og - arrangement.
9. Sande kommune vil fjerne arrangement frå sida som ikkje er i tråd med retningslinene.
10. Sande kommune vil kunne endre desse retningslinene viss vi meiner det trengst.

*: Det er dessverre ikkje mogleg å nytte funksjonen der du kan legge inn fleire tidspunkt i Facebookhendinga. Viss du ønsker arrangementet ditt inn i «Kulturkalender for Sande», må du opprette eit enkeltarrangement for kvar samling.